



Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling

NGIB

Stølen 7

5911 ALVERSUND

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese.Stronen@lindas.kommune.no

Rema1000 Manger
Radøy Kommune
Radøyvegen 1690
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Dykkar ref:

Vår ref:

2016\38

Saksbehandlar:

Ann-Therese Strønen

08.11.2016

Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 04.11.2016 i Rema1000 Manger .

Tilsynet var ynskja av dagligleiar ved 7fjell entreprenør, og vart utført etter Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 17. desember 2015 nr 1710 (forskrift om brannførebygging) §§ 14–22.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i forskrift om brannførebygging og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

Daglig leder ved 7Fjell Entreprenør:

Ove Rondestveit

For brannvesenet:

Ann-Therese Strønen

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om bygga tilfredstill krav til brannsikkerheit. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om brannførebygging jf. §§ 4–13.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at brannobjektet er tilgjengeleg og tilrettelagt for redning- og sløkkjeinnsats
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet

Generelt

Brannkonsept for nybygg på Manger for Rema 1000 er utarbeida av Konsept AS. Bygget får eit bruttoareal på ca. 1330 m² og ein personbelastning på maks 150 personar. Brannklasse 1. Risikoklasse 5 i sals-areal og RKL 2 i areal som berre skal nyttast av personalet. Bygget skal oppførast etter brannkonseptet.



Merknader

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Merknad 1

Røykdetektor var ikkje installert på hems. Brannalarmanlegget skal være heildekjande i kategori 2, og det skal òg vere optisk varsling.

Merknad 2

Varehylla var montert framfor dokumentasjon/mappehylla til brannalarmanlegg. Daglig leder ved 7Fjell Entreprenør sa han ville flytte hylla. Mappehylla må være lett tilgjengeleg ved sida/over/under branntavla.

Merknad 3

Evakueringsplan skal foreligge. Daglig leder ved 7Fjell entreprenør kjente ikke til om denne var utarbeidet.

Merknad 4

Brannslangetromlene henger høyt, disse må være lett tilgjengelig og enkle å bruke om en brann bryter ut.

Samandrag

Det stod igjen noko arbeid med bygget under branntilsynet. Dei arbeida med elektriske og ventilasjonssystem, samt med samansetting av varehyller. NGIB noterte 4 merknadar under tilsynet. Bygget skal oppførast etter brannkonseptet.

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling**

NGIB

Ann-Therese Strønen
Branningeniør

Kopi: Ove Rondestveit, daglig leder ved 7Fjell Entreprenør